

Medan humlepungane ventar på ølet....

23.11.2014



Yri og Myklebust var kåsørar på Dønhaug

**Kjell Yri skildra ventetida  
på ølet slik under  
uppskoka ikveld på Dønhaug:**

'Sitja her framfor gruva og sjå inn i flammane - kjenna eimen av meisken og brent brakje og sjå røyken forsvinn opp i skorsteinen medan noko av røyken legg seg som skyer oppunder taket.

Vita at no er det på gong - det meste gjer seg sjølv, berre passa litt på - sjå at vørteren renn ut frå silen og fyller opp bøtte etter bøtte - smaka, er han god denne gongen?- fyll opp den atore koparkjelen over gruva og koka inn.

Dette er godt i sjela.

Når ølet er sett må vi venta. Og venta.

Om du kjøper ei flaske øl eller om du tappar deg opp eit glas heimabrygg gjer det noko med det indre. Vissheten om at du har ei flaske i kjellaren - vissheten om at den skal eg snart opna -

vissheten om at når eg ynskjer det - lyser denne brune meir eller mindre mørke væska i eit glas mot deg.

Skal eg berre nippa til det  
eller skal eg verkeleg ta ein stor slurk - fylla munnen og la ølet sirkulera litt i munnholha før eg slett det forbi alle smakslaukane og nedover ganen?'

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen